



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskapet	
030/17	Levekårsutvalet	25.04.2017
017/17	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	24.04.2017
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Eining for eigedom	Therese Urdahl Braseth
	Arkivnr.: 15/278	Klassering:

Byggeprogram ny Alversund skule inklusiv fleir brukshall

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner byggeprogrammet slik det ligg føre med ei ramme på 249 mill.
Dette inkluderar:
 - a. Skule for 450 elevar med tilhøyrande uteareal og Infrastruktur (veg, gongveg, vatn og avlaup).
 - b. Alternativ HALL B - fleir brukshall med speleflate 25x45 meter.
 - c. Parkering og avsettingssone på eiga tomt (PARK-B).
 - d. Areal til lag og organisasjonar.
2. Kommunestyret godkjenner oppstart av forprosjekt.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, Levekårsutvalet.

Saka skal til innstilling i Levekårsutvalet og Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn:

Eit investeringsprosjekt (Byggeprosjekt) består av fire fasar.

1. Programmeringsfasen
 - a. Behovsvurdering
 - b. Byggeprogram (Noverande fase)

2. Prosjektering/funksjonsbeskrivingsfasen
 - a. Skisseprosjekt
 - b. Forprosjekt (funksjonsbeskriving ved totaltentreiser)
 - c. Detaljprosjekt
 - d. kontrahering
3. Byggefason
4. Drift- og reklamasjonsfasen.

Produksjon 3-5 år					Bruk 60+ år		
Programmering		Prosjektering		Utføring/bygging		Drift og vedlikehold	
Behov /Byggeprogram	Skisse- /forprosjekt	Detaljprosjektering	Montasje	Overtaking	Garantitid/ reklamasjon	Vanlig drift	

Byggeprogrammet skal gje oversyn over heile prosjektprosessen, vise føremål, behov og ressursramme. Vidare skal byggeprogrammet danne grunnlag for utforming av konkurransegrunnlag/kravspesifikasjon.

Det er ulik grad av usikkerheit knytt til dei ulike fasane. Frå ei kalkyleusikkerheit på +- 50 % i behovsvurderingsfasen og til +-10% når prosjekteringsfasen er ferdig. Byggeprogrammet har ei kalkyleusikkerheit på +-30 %. På Alversund skule inklusive fleirbrukshall er usikkerheita knytt til grunnforhold, plassering av parkering, kulturminne, buss og avsettingssone, entreprisekostnad, og generell infrastruktur knytt til veg, vatn og avlaup.

I vedtak 21.05.15 (*Sak 040/15 - 15/8613 - Alversund skule - skisseprosjekt Del 2*) valde kommunestyret å gå vidare med Alternativ B: Nybygg på ny tomt.

Ny Alversund skule inklusive fleirbrukshall ligg inne i investeringsbudsjettet med kr 249 mill. med oppstart i 2017.

- *Iht. Vedtak pkt.2:* Godkjenning av prosjektmandat "Ny Alversund skule. Prosjektfase: Byggeprogram" vart vedteke 12.11.15 (*Sak 075/15*).
 18.02.2016 (*Sak 007/16*) vart prosjektmandat "ny Alversund skule- heile prosjektet" vedteke i Formannskapet med følgjande tillegg:
"Formannskapet bed rådmannen utgreia nye Alversund skule til også å møta behovet som tilgjengeleg nærmiljøanlegg, med mulighet for løysingar som korps, kultur- og kulturskuleareal og arena for ungdomsklubb."

Iht. Vedtak pkt.5: Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 vart vedteke i kommunestyret 27.10.2016 (*Sak 081/16*). I kommunedelplanen er det lagt inn Fleirbrukshall Alversund utvida med ¼ storleik med forlenging basishall/turn.

Saksutgreiing:

Samandrag

Rådmannens tilråing for byggeprogrammet tek utgangspunkt i den økonomisk vedtekne ramma som ligg føre i økonomiplan 2017-2020 på 249 mill. Eit komplett byggeprogram med vurderingar ligg ved saka som vedlegg A.

Etter bestilling frå kommunestyret har vi greidd ut behovet for tilgjengeleg nærmiljøanlegg, med mogelegheit for løysingar for korps, kultur- og kulturskuleareal og arena for ungdomsklubb jamfør Vedtak pkt.2 (Sak 007/16). Vi ønskjer å synliggjere kostnadane i saka.

Arealbehov, energiløysingar og andre tekniske løysingar er utarbeida med utgangspunkt i romprogrammet på ny Knarvik barneskule. Skulane er identiske med omsyn til elevtal.

Det er følgjande endringar på romprogrammet for Alversund skule i forhold til Knarvik barneskule:

- To ekstra klasserom à 45 m² grunna 4 deling på enkelte klassetrinn.
- Grovgarderobe for 3.-4.trinn
- Areal tiltenkt elev/-ar med særleg nedsett funksjonsevne.
- Det er ikkje lagt inn eige rom for dans & drama då det er tenkt sambruk med musikkrom.
- Ikkje trimsal

I byggeprogrammet skal Kommunestyret ta stilling til følgjande:

- 1) Kva hallstorleik ein skal ha. Alle representerte hallalternativ (HALL A-HALL C) dekkjer skulen sine behov. Det som ligg i idrettsplanen er alternativ HALL C. Brukarar frå idretten og skulen ønskjer alternativ HALL C som førsteval og alternativ HALL B som andreval. Ser ein på ulike kombinasjonar jamfør tabell i Vedlegg A (kap Kostnadsvurdering), held ikkje den økonomiske ramma i økonomiplan til alternativ HALL C.
- 2) Areal for kulturskule og korps. Det er mulig å klare dette innanfor den økonomiske ramma om ein legg opp til sambruk med dans- og dramarommet.
- 3) Areal for ungdomsklubb. Totalt areal 100 m². Kostnadsvurdert til 3 mill., men kan gje tilskot på 500.000kr.
- 4) Areal til lag og organisasjonar. Totalt auke i areal 20+10 m². Kostnadsvurdert til kr 1 mill., men det er signalisert eit tilskot på kr 500.000 frå Alvidra.
- 5) Val av løysing for veg, parkering og avsettingssone:
 - a. Alternativ PARK-A: Parkering og avsettingssone for elevar mellom skuletomta og fylkesvegen.
 - b. Alternativ PARK-B: Parkering og avsettingssone for elevar skal løysast på skuletomta

Val av veg- og parkeringsløysing forankra i byggeprogrammet, vil bli spelt inn i arbeidet med områdeplanen for Alversund som ei retningsgjevande føring. Sjå vurdering i vedlegg A. For å halde framdrift i prosjektet er det viktig å ta ei avgjerd rundt veg- og parkeringsløysing. Vel ein alternativ PARK-B kan dette lysast ut saman med anbodet på skule og hall. Vel ein alternativ PARK-A, vil ein gjennomføre ein eigen konkurranse på dette når løysinga er avklart i områdeplanen for Alversund. Det

er viktig for disponeringa på tomta å vite om ein skal planlegge parkering og avsettingssone på tomta eller ikkje.

Dette inngår ikkje i prosjektet

- I samsvar med Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 har prosjektet ikkje vurdert symje/badeanlegg. I Handlingsprogram for aktivitetar er det lagt inn "*Forstudie kulturhus med badeanlegg*". Planen er at forstudiet skal leggjast fram i samband med økonomiplanprosessen våren 2017.
- Kostnadars for etablering av turløype grus/lys Alversund og 11år kunstgrasbane Alversund.
- Omfang av nærmiljøanlegg utover skuleområdet må løysast i områdeplan. Prosjektet vil sjå på sambruk eller kombinasjonsaktivitetar på skuleområdet som kan gje tilskot for nærmiljøanlegg
- Vurderingar av framtidig bruk for tomt/bygg på eksisterande Alversund skule
 - Sal og rivingskostnadars for eksisterande skule
 - Eksisterande 7år bane og symjehall
- Evt. sal og rivingskostnadars for eksisterande lokale for fritidsklubb
- Evt. opparbeiding kyststi
- Evt. tilrettelegging for logistikk av bussar (Skysstasjon)
- Prosjektgruppa har ikkje tatt omsyn til konsekvensar ved ei kommunesamslåing, til dømes med ei eventuell endring av skulekrinsar .

Rådmannen si vurdering

Rådmannens tilråing tek utgangspunkt i den økonomisk vedtekne ramma på kr. 249 mill, som ligg i økonomiplanen 2017-2020.

Byggeprogrammet tilfredsstiller skulen sitt behov samt naudsynt behov til kulturskule og korps.

Rådmannen si innstilling har avvik frå kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø (Idrettsplanen). Dette fordi den økonomiske ramma på 249 mill. ikkje opnar for ein $\frac{1}{4}$ forlenging til basishall, slik det er vedtatt i idrettsplanen. Nordhordlandskommunane har i dag ikkje basishall og bygging av dette kan bidra til å utvide breiddeidretten. Dette kom også fram i arbeidet med Idrettsplanen. Rådmannen kunne og ha tilråda alternativ HALL A då dette er innanfor den økonomiske ramma og akkurat tilfredsstillar skulen sitt behov for kroppsøving. Rådmannen meiner likevel at alternativ B gjer ein meir fleksibel løysing for både skule og idrett. Brukarar frå idretten og skulen ønskjer alternativ HALL C (lik idrettsplan) og alternativ HALL B som andreval. Ein basishall kan evt. byggjast ut på eit seinare tidspunkt. Sjå tabell for ulike valkombinasjonar i vedlegg A. Med og utan tilskot.

Det er ikkje funne rom, innanfor den vedtatte økonomiske ramma, til å kunne leggje til rette for ein fritidsklubb.

Idretten ønskjer eige kontor/klubblokale. Alvidra kan bidra økonomisk tilskot på kr. 500.000, dersom dei får disponere eigne areal. Rådmannen legg inn ekstra areal til kontor og lager, men meiner at dette må vere sambruksareal saman med andre lag og organisasjonar. Det er ikkje drøfta driftsløysingar vedrørande desse lokala.

Rådmannen rår til at løysing for parkering og avsettingssone løysast på eige skuletomt (PARK-B), dette for å halde den økonomiske ramma. Ei løysing med bilfri sone rundt skulen (PARK-A) har mange positive element knytt til trygg ferdsel og folkehelse. Men det er ikkje mulig å leggje til rette for ei slik løysing innanfor den økonomiske ramma på kr 249 mill.

Rådmannen rår derfor kommunestyret til å godkjenne byggeprogrammet for Alversund skule innanfor vedtatt økonomisk ramme på kr 249 mill. Byggeprogrammet inkluderer:

- a. Skule for 450 elevar med tilhøyrande uteareal og Infrastruktur (veg, gangveg, vatn og avlaup).
- b. Alternativ HALL B - fleir brukshall med speleflate 25x45 meter.
- c. Parkering og avsettingssone på eiga tomt (PARK-B).
- d. Areal til lag og organisasjonar.

Vedlagte saksdokument:

Vedlegg A –Komplett Byggeprogram	163068	19.04.2017
Vedlegg B – Vurdering av kapasitet skule	163066	19.04.2017
Vedlegg C - Romprogram skule	163067	19.04.2017

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost